

Felles agenda på alle møte (Stavanger, Tau, Hjelmeland, Sand, Kinsarvik, Voss og Vik):

1. Velkomst. Presentasjon av deltakarane (styret og administrasjonen, fagetatar, andre, samt frammøtte medlemmer) og orientering om arbeidet til Fjordvegen Riksveg 13 v/styreleiar Marta Sofie Vange
2. Orientering om overordna ramer, planar og tiltak ved fagetat (Statens vegvesen v/Svenn Finden m.fl. for dei fire første møta (søre del: Stavanger, Tau, Hjelmeland, Sand i Suldal).
Dei tre siste møta i nord: (Kinsarvik, Voss, Vik i Sogn): Nye Veier A/S v/Håkon Lohne, Kristian L. Karlsen samt Statens vegvesen v/Svenn Finden (Historikk + driftsansvar fram til 2027 i nord).
3. Spørsmål, innspel og dialog med medlemma om lokale utfordringar og dei store linjene.

Vedlagt felles referat:

Presentasjonen til styreleiar Marta S. Vange samt Statens Vegvesen og Nye Veier sine presentasjonar.

**Møte 1: STAVANGER 21.10.2024 KL 17.00-18.30 – ROSENKILDEHUSET
(STAVANGERREGIONEN NÆRINGSFORENING)**

Frå arrangøren:

Styret: Marta Sofie Vange (styreleiar, Vik), Anita Husøy Riskedal (nestleiar, Hjelmeland), Olav Lindseth (Suldal), Kristoffer Amdal (Rogaland fylkeskomm./Strand). Varamedlem: Vebjørn Mathisen Solli (Rog. Fk), Roy Egil Stadheim (Vik), Samson Hamre (Voss).

Administrasjonen: Konsulent Trude Rinaldo og seniorkonsulent Hanne Sundbø (ref.).

Statens vegvesen v/Svenn Finden, avdelingsdirektør Drift og Vedlikehold og Ellen Johnsen Haaberg, Ruteansvarleg Rute 5 a (der sørlege del av riksveg 13 inngår).

Medlemmer i Fjordvegen Riksveg 13:

Fylkesordfører Ole Ueland, Fylkesvaraordfører Svein Erik Indbjo og Lisa Garpe, einingsleiar Strategi – Samferdselsavd. i Rogaland Fylkeskommune.

Henrik Halleland, varaordfører og Birger Haraldseid, Innbygger- og samfunnskontakt - Næringsavd, Stavanger kommune

Anne Synnøve Gustavson, styreleiar NAF Avd. Stavanger og omegn

Andre: Nasjonal Rassikringsgruppe – Rogalands-repr: Silje Karin Teig, Harald H. Løland (vara).

1. Styreleiar Marta S. Vange orienterte på samtlege møte:

Føremåla med styreturen saman med fagetatane langs heile riksveg 13 og dei sju medlemsmøta. Mål for foreininga sitt arbeid, medlemmer, dei største endringar dei siste åtte år og styret sitt arbeide 2024 (jf vedlagt presentasjon).

Ho inviterte til innspel og dialog om lokale utfordringar og dei store linjene.

2. Statens Vegvesen v/Svenn Finden (Vedlagt presentasjon).

Medlemma ønskte orientering om status og utfordringar for heile strekket Stavanger – Sogndal.

Behovet for rassikring er stort på heile vestlandet, men rv 13 har mange strekk med høg og middels skredfaktor. Riksveg 13 Stavanger – Røldal har svært forskjellig standard/vegbreidde, mykje er enno ikkje i tidsriktig forfatning. Mange strekk er rassikra dei siste åra med fangnett o.a. tiltak, men mykje gjenstår. Midler til store prosjekt gjenstår. Steinsprang og andre ras skjer og vil skje.

Tunnelen i Rødsliane i Suldal er bestemt og oppstartmidler ligg i årets statsbudsjett som oppfølging av NTP.

Oddadalen med Låtefoss er særst vanskeleg. Strekket inngår no i ein venta utviklingsplan for E134 Arm til Bergen, SVV venter på signalisert utgreiingsoppdrag frå Samferdselsdepartementet. Berre trafikkisikringstiltak og bemanning sommaren 2024 v/Låtefoss kosta ca 1 mill. kr.

Oppfølging av nyleg vedtatt NTP:

SVV arbeider med *Gjennomføringsplan* som skal leggast fram i februar 2025. I Høve NTP ligg ingen nye store tiltak inne på søre del av riksveg 13, men mindre tiltak for m.a. utbetningsstrekningar kan koma i «Mindre Investeringar» - eit samlebegrep for alle prosjekt under 1 mrd. kr.

SVV må sjå på samarbeidsformar med Nye Veier sidan overføring av ansvar for drift for nordre Skare – Sogndal ikkje trer i kraft før 1.9.2027.

For nordre del vil Nye Veier orientera på seinare møte frå Kinsarvik og nordover, første rassikringsprosjekt rett nord for Odda er utbyggingsklart.

Nasjonale Turistvegar sine anlegg – eit løft for riksveg 13 også (Nasjonal Turistveg Ryfylke).

3. Spørsmål/kommentarar frå medlemmer samt svar:

- *Indbjo*: Oddadalen og E134 Arm til Bergen – er trase vurdert?

- *Finden*: Kommunedelplan finst for Oddadalen, denne kan vera utgangspunkt for ein utviklingsplan. SVV ventar no på signalisert utgreiingsoppdrag frå departementet.

- *Halleland*: Fjordkryssing av Jøsenfjorden med bru? Kva ligg i langsiktige planar?

- *Finden*: ingen planar finst.

- *Lindseth*: Mindre investeringer på strekket Tau - Skare?

- *Finden*: Dette kjem i Handlingsplanen som skal vera klar i februar 2025. Dette som oppfølging av vedtatt NTP.

-*Finden*: Eit ønskje til politikarane om meir føreseielege ramer:

Døme: Post 22 midler frå Statsbudsjettet frå etaten får dei svært kort tid til å bruka. Revidert statsbudsjett kjem seint. Får då unødvendige problem med å t.d. bruka overskotsmassar mellom prosjekt. Kan bli meir planmessig.

SVV ønskjer seg:

- Heilskapleg plan med politisk prioritering av dei viktigaste tiltakspunkta på riksveg 13

- Bättre ramer for å skipa samhandlingskontraktar med entreprenørane, dvs mest muleg jobb for ein pott midler.

- *Riskedal*: feilkøyring i Ryfast – registrering og tiltak?

- *Finden*: Det er kameraregistrering og god oversikt over bilistar med farleg feilkøyring, stopp, snuing, fotgjengarar og syklistar i tunnelane. Det syner seg at det er mange bevisste handlinger frå trafikkantane. Eldre folk og ruspåverknad utgjer noko av dette. SVV meiner det er lite av feilskilting som kan forklara feilkøyring.

- *Løland*: Nye og midlertidige sikringssystem som Road Cap og Bypass, kvifor ikkje i bruk?

- *Finden*: Dette er sett på ,men dei mest presserande strekka av rv 13 har for smal vegbreidde og dårleg sikt som vil gje behov for lysregulering. Dette medfører oppstillingsplass for kø som det ikkje er plass til.

For rv 13 vil heller fjellrensk og fangnett vera løysinga på smale strekk. Mykje er sett opp, m.a. i Suldal siste år, midler tatt frå driftsbudsjett.

Eit testprosjekt for utprøving av mobile skredoverbygg er under planlegging.

- *Haaberg, SVV*: Alle raspunkt er ulike i utfordring og krev ulike løysingar.

- *Teig*: Oversiktskart over rasstrekke med fargekoder?

SVV: Ja, er laga (blir vedlagt referatet).

Næringsutvikling tilknytta riksveg 13:

- *Halleland*: Samarbeidet Stavanger – Suldal om havvindssatsing på Jelsa. Dette får konsekvensar med auka trafikk, særleg store køyretøy på riksveg 13.

- *Lindseth*: Både havvind-satsinga knytta til Jelsa og t.d. Lyse Kraft sitt omsøkte utbyggingsprosjekt i Suldal vil pressa og auka bruken av riksveg 13 som ikkje har standard for auka tungtrafikk.

Bil- og bubilturismen aukar og merkbart.

- *Hamre*: Riksveg 13 er ein hemske for næringslivet si utvikling t.d. for behovet for modulvogntog. Nesten heile riksveg 13 er ueigna for modulvogntog, det mest presserande behovet er i Oddadalen, Ullensvang.

- *Haaberg*: Dei samfunnsøkonomiske analysane som departementet krev har til no hatt mangelfulle tal for gevinsten av rassikring. Utrekning av den såkalla velferdsgevinsten skal inn i Effekt-utrekningane som kjem i Tiltaksplanen frå februar 2025. Gjennomføringsplanen er Statens vegvesen si oppfølging av ny NTP.

(Samfunnsøkonomisk velferdsgevinst ved utbedring av skredutsatte veistrekninger er tal for opplevd auka tryggleik gjennom rassikring. Menon-rapport for rv 13 gjennom Hardanger m.a. på oppdrag frå Nye Veier, basert på betalingsvilje ved å fjerna fare.)

- *Ueland*: Utfrå viste utfordringar treng ein foreninga Fjordvegen Riksveg 13 i mange år enno.

Møte 2: TAU – LILLAND BRYGGERIHOTELL 22.10.24 KL 8.00 - 9.15

Frå arrangøren:

Styret: Marta Sofie Vange (styreleiar, Vik), Anita Husøy Riskedal (nestleiar, Hjelmeland), Olav Lindseth (Suldal), Kristoffer Amdal (Rogaland fylkeskomm/Strand). Varamedlem: Vebjørn Mathisen Solli (Rog. Fk), Roy Egil Stadheim (Vik), Samson Hamre (Voss).

Administrasjonen: Konsulent Trude Rinaldo og seniorkonsulent Hanne Sundbø (ref.).

Statens vegvesen v/Svenn Finden, avdelingsdirektør Drift og Vedlikehold og Ellen Johnsen Haaberg, Ruteansvarleg Rute 5a.

Andre: Nasjonal Rassikringsgruppe – Rogalands-repr: Harald H. Løland (vara).

Medlemmer i Fjordvegen Riksveg 13:

Irene Heng Lauvsnes, ordførar og Olav Thorsberg, rådgjevar/arealplanleggar, Strand kommune Helge Kjellevold, adm. direktør, Stiftelsen Preikestolen

Anne Synnøve Gustavson, styreleiar NAF avd Stavanger & omegn

1. Styreleiar Marta S. Vange orienterte på samtlege møte (jf vedlagt presentasjon).

2. Statens Vegvesen v/Svenn Finden (Vedlagt presentasjon).

Rv 13 sin ÅDT for søre del (Stavanger – Røldal) varierer mellom 7000 nær Stavanger til 400 på strekket Nesflaten – Røldal.

Raspunkt med høg/middels skredfaktor og rassikring på dette strekket: Utanom Rødsliane er det og andre strekk med stor rasfare, men mest der det er lågare ÅDT.

3. Spørsmål/kommentarar frå medlemmer samt svar:

- Riskedal spurde etter bruk av reserveferja Hjelmeland – Nesvik på dagar med stor trafikk og kø/oppnopning av bilar: Stor trafikkfare i køen før Sande, Hjelmeland når trafikk og skal vidare mot Hjelmeland/ Vormedalen.

- Finden: Pr i dag ei utfordring i krava til mannskap, men tema blir drøfta akkurat no, ny løysing vil koma snart. Han noterer mange innkomne moment.

Hydrogenferje-drifta Hjelmeland – Nesvik kan sjåast som forskingsprosjekt. Til no er erfaringa at strekket er noko kort for optimal effekt av hydrogendrift. Fordelen i innsparte kostnadar er opp mot 30.000 kr/dag for El-ferje i høve dieseldrift.

- Lauvsnes: Rv 13 sin dårlege standard ein stoppar for auka bruk sør – nord. Trafikkfare oppstår og ved forbikøyringar for å nå ferjer. I ferjesaka blei kommunane ikkje høyrde.

- Kjellevold: Etterspør arbeid med bruløysing over Jøsenfjorden.

- Lauvsnes: Det er brei politisk semje i Ryfylke om at rassikring skal prioriterast først. Fjordvegen bør likevel ta med denne brua i sine planar.

Raspunktet etter Svtunnelen. Muleg med overvåking før ras?

- Finden: Nei, ikkje påliteleg nok ved dei fysiske tilhøva her. Sensorar er kun nyttige når trafikkantane kan få eit forvarsel i god nok tid. Dvs. ved rasfare frå stor høgde.

-Lauvsnes: Døgnkvileplassar for yrkestrafikken Solbakk – Sand?

- Finden: SVV vil gjerne ha tilbud frå grunneigarar som kan avsetja plass til dette for yrkestrafikk

langs rv 13 i søre området, plass for 8-10 vogntog + fasilitetar som lading og nærleik til butikk. Behovet for døgnkvileplassar ligg i ein landsomfattande plan for døgnkvileplassar.

- *Kjellevold*: reiseruteutvikling for reiselivet: Erfaringsvis: Flaskehalsane for bilbaserte turistar frå sør ligg i Hardanger, betydelege trafikk nordover på riksveg 13. Dei har mange tal for Preikestol-området m.a. for bubil, og prognosar vidare.

Nærmast seg 400.000 gjester i 2023, dvs 80.000 bilar. 75 % har bil, resten i buss.

Trolltunga har no 90.000 gjester/år, der aukar bubilar med 26 % i år.

- *Lindseth* bed SVV fokusera på enkle forbetringar som t.d. permanent dårlege bruer som Førlandsbrua, Suldal. Tilsvarande for brua over Storåna i Årdal.

- *Finden*: SVV manglar føreseielege politiske løyvingar, dei får post 22 midler seint i året (revidert Statsbudsjett t.d.) som må brukast innan årsslutt. Har brukt mykje på rv 13, m.a. Vågstunnelen og Suldalsporten.

- *Lauvsnes*: Sterke behov for gang/sykkelsvegar i Strand rundt Tau/Bjørheimsbygd. Er reguleringsplan kravd?

Finden sjekkar status.

- *Lauvsnes*: Ryfast og sommarturismen: Betre merking for Preikestolen trengs for turistar frå dei leiger bil på Sola. Merking med Røldal er ikkje forståeleg og medfører feilkøyring.

Manglande innkreving av betaling frå turistane aukar ikkje entusiasmen frå lokale som betalar mykje i bompengar.

- *Finden*: Feilkøyring i tunnelar viser seg i stor grad å vera bevisst handlingar. *Ref under Stavanger-møtet*. Han noterer spørsmålet om Preikestol-merking.

- *Lauvsnes*: Vgs på Tau: Utbygging startar no. Det må bli eit samarbeide i byggeperioden slik at elevane blir sikra.

- *Lauvsnes*: Offentleg badeplass i yttersving i Bjørheimsbygd. Kan riksvegen rettast noko ut?

- *Haaberg*: Risikokurver er registrert, dei kjem tilbake til dette.

- *Lauvsnes*: Glad for måten Fjordvegen jobbar på, ryddig og bra å bli kalt inn.

Møte 3: HJELMELAND - VÅGAHuset 22.10. Kl 10.15 - 11.30

Frå arrangøren:

Styret: Marta Sofie Vange (styreleiar, Vik), Anita Husøy Riskedal (nestleiar, Hjelmeland), Olav Lindseth (Suldal), Kristoffer Amdal (Rogaland Fk/Strand). Varamedlem: Vebjørn Mathisen Solli (Rogaland fk.), Roy Egil Stadheim (Vik), Samson Hamre (Voss).

Administrasjonen: Konsulent Trude Rinaldo og seniorkonsulent Hanne Sundbø (ref.).

Statens vegvesen v/Svenn Finden, avdelingsdirektør Drift og Vedlikehold og Ellen Johnsen Haaberg, Ruteansvarleg Rute 5a. Prosjektleiar Geir Strømstad, Nina Anita Meling.

Medlemmer i Fjordvegen Riksveg 13:

Janne Johnsen – kommunedirektør og Jone Fuglesten - Kommunalsjef samfunn og næring, Hjelmeland kommune

Janneke Wijgergangs – styreleiar Hjelmeland Handels- og Serviceforening

Victor Juul, konstituert dagleg leiar Ryfylke IKS

Andre: Nasjonal Rassikringsgruppe – Rogalands-repr: Harald H. Løland (vara).

1. Styreleiar Marta S. Vange orienterte på samtlege møte (jf vedlagt presentasjon).

2. Statens vegvesen v/Svenn Finden (Vedlagt presentasjon).

Fokus på Årdalstunnelen og eldre planar.

Prosjektleiar Geir Strømstad, Rødsliane prosjektet (Vedlagt presentasjon).

Utfordringar i Lovrafjorden - dårlege massar i botn gjev utfyllinga vanskeleg.

Bruk av overskotsmassar blir drøfta.

Årdalstunnelen (tunnel Nedre Tysdalsvatnet – Årdal) er rekna å ha høg samfunnsøkonomisk nytte pga innspart langt strekk og sterk reduksjon av høgdeforskjell. Planane er ikkje kome opp i NTP dei siste to rundane.

SVV må få betre beslutningsgrunnlag og reguleringsplan-midler.

Raspunktet i form av ura ved Nedre Tysdalsvatnet: Ura kan ikkje rørast, er elles ikkje stabil.

Rulleringa av Nasjonal Transportplan startar allereie no frå etatane, neste høve til å få inn større prosjekt.

Prosjekt Rødsliane: Utfordringar med grunnen i Lovrafjorden for utfylling. Ser på bruk av overskotsmassar. Fyllitt som noko av massen inneheld, kan ikkje gjenbrukast.

3. Spørsmål/kommentarar frå medlemmer samt svar:

- *Janne Johnsen:* Semje i Ryfylke-kommunane om at Rødsliane måtte takast først.

- *Wijgergangs:* trafikkfaren ved ferjekø Sande/Hjelmeland sentrum i sesong er eit stort problem, lokaltrafikk kjem ikkje fram og mykje uheldig og farleg køyring skjer.

- *Riskedal:* Kan det avbøtast med trafikkdirigering og avlastingsferja?

- *Finden:* SVV skal sjå på avbøtande tiltak.

- *Wijgergangs:* Kollektivløysing Hjelmeland/Nesvik og nordover til Suldal finst ikkje. Eit spørsmål for fylkeskommunen, men likevel gjeld dette bruk av rv 13. Tilsvarande for hurtigbåt.

Stor utfordring for reiselivet.

Bubil-trafikken auka sterkt, fyller opp rasteplassar og bidreg til trafikkfare på smale vegar

Sykeltrafikk: Rv 13 smal og farleg for syklistar. Tunnelane er ei ekstra utfordring.

- *Strømstad/Finden:* Gamle Rødsliane-vegen er pr no planlagt sommarope for syklistar.

Svo-tunnelen: Gamal trase fungerer for syklistar. Rasfaren er uansett like stor.

Rassikringsprosjekt verkar og for syklistar. Elles blir ikkje sykling spesielt teke omsyn til.

- *Haaberg*: Bubil-utfordringane blir no drøfta i SVV pga sterk auke i trafikken og fulle rasteplassar nattestid, m.a. forbud mot overnatting på rasteplassar kan koma.

- *Lindseth*: Spørsmål om feil kostnadstal i presentasjon frå SVV til rassikring i Ryfylke.

- *Juul*: Etterspør satsinga til Nasjonale Turistveggar i Ryfylke.

- *Fuglesten*: Nasjonale Turistveggar ser igjen på å få eit utsikts-punkt langs rv 13 i Jøsenfjorden.

- *Lindseth*: Kunstprosjekt manglar for Nasjonal Turistveg Ryfylke; prosjekt tilknytta Kvelventunnelen i Brattlandsdalen er under utvikling.

- *Wijergangs*: Etterspør lys i tunnelar.

- *Finden*: Tunnelar med lengde under 500 m fell utanfor tunneldirektivet, og lys blir ikkje installert.

- *Riskedal*: Busstopp må kunne flyttast utfrå at tal brukarar endrar seg, særleg skulebarn. 80-km sone og barn som må gå langt pga gamle busstopp, gjev fare. Kan det bli raskare prosess for flytting av busstopp?

- *Haaberg*: Busstopp blir bestemt av fylkeskommunen saman med rutestrukturen for buss.

- *Finden*: Styringa av busstopp er for lite fleksibelt for distrikta i dag.

Fuglestein: Vintervedlikehaldet på rv 13 og tidsnok salting er viktig.

Møte 4: SAND I SULDAL – KOMMUNESTYRESALEN 22.10. KL 13.00-14.30

Frå arrangøren:

Styret: Marta Sofie Vange (styreleiar, Vik), Anita Husøy Riskedal (nestleiar, Hjelmeland), Olav Lindseth (Suldal), Kristoffer Amdal (Rogaland Fk./Strand). Varamedlem: Vebjørn Mathisen Solli (Rogaland Fk.), Roy Egil Stadheim (Vik), Samson Hamre (Voss).

Administrasjonen: Konsulent Trude Rinaldo og seniorkonsulent Hanne Sundbø (ref.).

Statens vegvesen v/Svenn Finden, avdelingsdirektør Drift og Vedlikehold og Ellen Johnsen Haaberg, Ruteansvarleg Rute 5a. Prosjektleiar Geir Strømstad, Nina Anita Meling.

Medlemmer i Fjordvegen Riksveg 13:

Mads Drange, ordførar Suldal kommune,

Helge Naustvik, Suldal Næringsforening,

Sølve Myrvang, NAF Avd. Stavanger & omegn,

Hadle Eide Bakka, Foreninga Trygg Riksveg 13 gjennom Suldal.

Andre: Nasjonal Rassikringsgruppe – Rogalands-repr: Harald H. Løland (vara. Løland representerte og Sauda kommune på dette møtet.

Nora B. Jensen, Suldalsposten

Ordfører Mads Drange ønske velkommen. Han orienterte kort om Suldal og Ryfylke sine erfaringar ved utbyggingsprosjekt på rv 13 og langvarige stengingar, samt Ryfylke si felles haldning til prioritering av rassikringsprosjekt der Årdalstunnelen er neste prioritet etter Rødsliane.

1. Styreleiar Marta S. Vange orienterte på samtlege møte (jf vedlagt presentasjon).

2. Statens vegvesen v/Svenn Finden (Vedlagt presentasjon).

Kort om utfordringane langs heile rv 13.

Gamle bruer må sjåast på. Dei har og gått gjennom alle utfordringar på rv 13 søre del.

Moment frå møtelyden blir notert.

Prosjektleiar Geir Strømstad, Rødsliane-tunnelen (Vedlagt presentasjon): Presentasjon av status for prosjektet og orienterte om vanskane med utfylling i Lovrafjorden. (Vedlagt presentasjon).

Strengje krav frå Statsforvaltar for utfylling når området er LNF og massedeponering skal haldast innafor reglane i Naturmangfalds-loverket.

Andre store prosjekt:

Årdalstunnelen: Kommunedelplan stadfesta i Kommunaldepartementet i 2017 for ca 6 km tunnel, med meterpris 260.000 kr.

I dag må nytt planprogram på plass. Politisk samla oppslutning må løfte prosjektet igjen.

Strekket Kilane – Ytre Eiane (over kommunegrensa Hjelmeland – Suldal): Gamal projektskisse for tunnel frå 1991/92 vist. Ikkje i nokre planar no.

3. Spørsmål/kommentarar frå medlemmer samt svar:

- *Drange:* Sykkel-gangveg på gamal riksveg i Rødsliane: kven har ansvaret?

- *Lindseth:* Turistveg-utsiktspunkt på gamlevegen.

- *Finden:* Om gamal riksveg skal vera ope og driftast skal sjåast på vidare.

- *Drange:* Ønskje om regelmessige møte for gjensidig utveksling av informasjon og synspunkt, minst 1 g/år.

Nokre langvarige prosjekt som Førlandsbrua må koma til ei avslutning.

Busskur-utfordringar.

- *Haaberg:* Ved omorganiseringa av SVV fall årlege dialogmøte vekk.

- *Finden:* Fellesmøte med fleire kommunar og SVV bør koma i staden.

- *Myrvang:* Kan det skje betre samordning av tunnel-prosjekt, gjenbruk av massar mm?

- *Finden:* Tunnelar ofte så dårlege pga langvarig etterslep at hastesakene må koma først.

Landet under eitt: Region Nord og Vest er verst vedk. gjenverande rasstrek og dårlege tunnelar.

- *Løland:* Lokalt må kommunane ha reguleringsplanar klare.

- *Myrvang:* Kva skjer med Skredfaktormodellen og føreslåtte endringar?

- *Finden/Haaberg*: Forslag til endring i Skredfaktormodellen vart stoppa politisk, veit pr. no ikkje kva som skjer.

- *Bakka*: Foreninga Trygg rv 13 gjennom Suldal har etterspurt oppstillingsplass for kolonne ved trafikkregulering under vegprosjekt, ros for god dialog og rask løysing med driftsleiar i SVV for dette.

Foreninga/Folkeaksjonen har no 110 medlemmer. Dei har usendt fleire brev om forskjellige problemstillingar som stenge-regime langs Suldalsvatnet, bruk av overskotsmassar, manglande radio- og mobildekning i tunnelar, mm.

No er dei opptekne av kva skjer i byggjeperioden for Rødsliane med omkøyring via Gullingen, tryggleik i tunnelar under byggjeperioden, tungtransport som køyrer utanom høgdemarkering i tunnelar, og asfaltkantar som sviktar under tunge køyretøy.

Møte 5: KINSARVIK – GAMLE HERADSSTYRESALEN 22.10. KL. 17.30 – 19.00

Frå arrangøren:

Styret: Marta Sofie Vange (styreleiar, Vik), Anita Husøy Riskedal (nestleiar, Hjelmeland), Kristoffer Amdal (Rogaland fk/Strand). Varamedlem: Vebjørn Mathisen Solli (Rogaland fk.), Roy Egil Stadheim (Vik), Samson Hamre (Voss).

Administrasjonen: Konsulent Trude Rinaldo og seniorkonsulent Hanne Sundbø (ref.).

Nye Veier AS v/Håkon Lohne og Kristian Losnegard Karlsen

Statens vegvesen v/Svenn Finden, avdelingsdirektør Drift og Vedlikehold, Ellen Johnsen Haaberg, Ruteansvarleg Rute 5a (inkl rv 13 sørre del) og Ole Svåsand, seksjonsleiar drift.

Andre: Nasjonal Rassikringsgruppe – Rogalands-repr: Harald H. Løland (vara).

Medlemmer i Fjordvegen Riksveg 13:

Toralv Mikkelsen, politisk repr. kommunestyret og Ole-Jørgen Jondahl, rådmannm Ullensvang kommune

Jens O. Holven, ordførar og Tore Hopperstad, kommunedirektør, Ullvik kommune

Timo Knoch, ordførar i Eidfjord kommune og rådsordførar i Hardangerrådet

Jon Olav Heggseth, styreleiar i Hardangerrådet

Edmund og Ina Utne, Kyrkjetangen AS

Geir Midtun, Ullensvang Reiseliv

Lars Inge Torseth, Ullsnes gard/Kjærtveit Camping/Hardanger Fjordsafari

Einar Lutro, Lofthus Auto AS

1. Styreleiar Marta S. Vange orienterte på samtlege møte (jf vedlagt presentasjon).

2. Nye Veier As (NV) v/Håkon Lohne og Kristian Karlsen (Vedlagt presentasjon):

Nye Veier har frå start hatt mandat å gripa oppgåvene offensivt og med ny teknologi og innovasjon. Riksveg 13 skil seg heilt ut frå andre strekningar Nye Veier har i sin portefølgje.

Oppdrag for NV frå 2021: Løysa skredsikring og framkomst innafor ei rame på 3 mldr. kr. (Rame

noko oppjustert seinare)

Gjeld nordre del av rv 13 frå Skare til Sogndal. (Unntak ferjeleia/oppstillingsplassane v/ Vangsnes og Hella som framleis ligg under SVV).

Gamle trase rv 13 v/Skjervet er del av rv 13.

Samfunnsøkonomi i fokus, men pr i dag finst ikkje modellar som er gode nok for å berekna samfunnsnytte på så små prosjekt som for rv 13. Dette blir jobba med.

Samfunnsikkerheit og velferdsgevinst (nytt moment inn i Effekt) skal og med.

Strekingsanalyse utført i 2023, så inndelt i fem delstrekninga. (Sjå presentasjon NV møte Kinsarvik)

NB: SVV har ansvar for drift/vedlikehald for nordre del til 1.9.27. SVV har stor kompetanse tilknytta rv 13.

Administrasjonen i NV må gjera godt innsal ovafor eige styre for kvart prosjekt for å få gjennomslag og godkjent iverksetting av enkeltprosjekt.

Status Byrkjeneset som er første prosjekt som dei har fått lyst ut:

Signert fyrste del av kontrakten, no klargjeringsfase. Fysiske tiltak frå 2025, ferdig hausten 2026 , dvs 1 ½ år.

Kyrkjeneset - Berget er prosjekt med mest samfunnsøkonomisk nytte. Frivilling avtale om grunn må på plass, ikkje ferdig.

Politisk utspel gav spørsmål frå Samferdselsdepartementet om flytting tilbake av ansvar for nordre del av rv 13, uttale gitt til frist 1.10. både frå SVV og NV. Det er enno usikkert når konklusjonen frå Samferdselsdepartementet kjem.

Samferdselsdepartementet forventer godt samarbeide med vegvesenet. Nye Veger er invitert inn i utviklinga av E134 Arm til Bergen som vegvesenet får oppdraget med.

Moment frå møtelyden blir notert.

3. Spørsmål/kommentarar frå medlemmer samt svar:

- *Torseth*: Odda sentrum, planar finst det?

- *Lohne*: NV har vurdert sentrum, men ikkje prioritert.

- *Mikkelsen*: Øvre rame 3 mldr, justering?

Ønskjer meir informasjon om prioriterte tiltak.

- *Karlsen*: Ja, rame er justert i medhald av prisindeks, ca 3,6 mldr.

Vikafjellet: Pga storleiken må ein muleg tunnel bli eige prosjekt, inngår ikkje i deira kostnadsrame

- *Jondahl*: Er samfunnsnytte rekna for kvart prosjekt for seg?

- *Karlsen*: Nei, vanskeleg med dagens modellar.

- *Mikkelsen*: Ønskje om forklaring på «mindre tiltak», kva blir liggjande hjå SVV til 2027, og kva blir ivaretatt av NV?

Etter bygging av ny trase for E134 med tunnel: Vil rv 13 gå gjennom Røldal sentrum?

- *Finden*: Truleg rv 13 inn gjennom Røldal etter E134-tunnelen er komen. Dei gamle tunnelane si

framtid vil bli drøfta, uavklart pr no, kan bli stengte.

Gamle rv 13 over Skjervet er framleis del av rv 13.

Drift/vedlikehald blir til 2027 hjå SVV, med relativt store tiltak, men ikkje på lista over Store prosjekt ((over 1 mldr) i NTP.

(Tiltak under Nye Veier sin portefølgje er uansett ikkje på lista i ny Nasjonal Transportplan)

Erfaring: ca 700 mill kr pr år er brukt til drift og vedlikehald på heile rv 13 dei siste åra.

- *Mikkelsen*: Søre Ullensvang med Brattlandsdalen og Ø. Lonovatn, kva skjer?

- *Finden*: Tiltak med bolting og nett mot isskred er sett opp. På dette strekket må noko preventiv stenging akseptert pga låg ÅDT.

Generelt om varsling: Steinsprang kan ikkje varslast, heller ikkje utfall frå skjæringar.

Derimot kan visse steinras som kjem frå stor høgde varslast. Ferskt døme frå situasjon for varsling til ryddemannskap under fjellrensk v/Gudvangen E16.

- *Jondahl*: Preventiv stenging ved stor rasfare for alle veger ut av Odda, erfaring med slik uheldig situasjon over lengre periodar. Svært krevjande for beredskapen i kommunen.

Tilsvarande har skjedd for Suldal. Dilemma for naudetatane, kven har ansvar for kva?

-*Finden*: Vanskelege situasjonar, men naudetatane må ta avgjerd utfrå eigne vurderingar.

Møte 6: VOSS – HERADSSTYRESALEN, TINGHUSET 23.10. KL 8.00-9.15

Frå arrangøren:

Styret: Marta Sofie Vange (styreleiar, Vik), Anita Husøy Riskedal (nestleiar, Hjelmeland), Kristoffer Amdal (Rogaland fk/Strand). Varamedlem: Roy Egil Stadheim (Vik), Samson Hamre (Voss).

Administrasjonen: Konsulent Trude Rinaldo og seniorkonsulent Hanne Sundbø (ref.).

Nye Veier AS v/Håkon Lohne og Kristian Losnegard Karlsen.

Statens vegvesen v/Svenn Finden, avdelingsdirektør Drift og Vedlikehold, Ole Svåsand Seksjonsleiar drift, Signe Eikenes, Divisjon Transport og Samfunn.

Andre: Nasjonal Rassikringsgruppe – Rogalands-repr: Harald H. Løland (vara).

Medlemmer i Fjordvegen Riksveg 13:

Benedikte Kragh, Ap, varaordførar Voss

Katrine Helle Riber, Vestland FK, senioringeniør - vegforvaltning / infrastruktur og veg

Harald Haaland, eiendomsdirektør, Norway's Best /Myrkdalen Fjellandsby

Frode Rogne, styreleiar NAF avd. Voss og omland

1. Styreleiar Marta S. Vange orienterte på samtlege møte (jf vedlagt presentasjon).

2. Nye Veier As (NV) v/Håkon Lohne og Kristian Karlsen (Vedlagt presentasjon):

NV har nye reisetidstal som blir registrert fysisk i 2024. Dei utviklar og ny modell for skred-tiltak.

NV har veldig stram likviditet i alle fram til fram til 2027, det vert ikkje start på nye prosjekt for rv 13 før den tid.

I høve nyleg vedtatt Nasjonal Transportplan, har NV fått ansvaret og for Vikafjellet utan at meire midlar er tilført.

Strekingsanalyse av heile nordre del av rv 13 er utført overordna som ein ovanfrå og ned-strategi. Skredomsyn skal ivaretaast betre i og med at Velferdsgevinsten for lokalsamfunna av skredsikring skal medreknast i standard økonomiske utrekningar til det samfunnsøkonomiske talgrunlaget til neste Nasjonale transportplan.

Av tiltak på strekninga er Osgjelet prioritert. NV føreslår enklare skredsikringstiltak her.

Eit prosjekt i Sørfjorden er først ut med signert utbyggingskontrakt i år (Byrkjeneset).

Elles har strekninga frå Hardangerbrua til Voss høgast standard på rv 13 (nordre del). Det er høgast ÅDT rundt Voss.

3. Spørsmål/kommentarar frå medlemmer samt svar:

- *Haaland*: Tidsperspektiv på Osgjelet?

- *Lohne*: Truleg etter 2027

- *Rogne*: E16 er og rv 13? Og Vikafjellet, er det muleg å gjennomføra med bompengefinansiering?

- *Finden*: Nei, E16 er aleine. Rv 13 har opphald der vegane går saman.

Vikafjellet er det muleg å søkja bompengeløysing for.

- *Stadheim*: Påpeiker feil i Vista Analyse sin rapport om Vikafjellet og muleg tunnelløysing.

Dette er vist konkret, men ikkje retta opp. Ein må få større politisk fokus på rv 13 her.

- *Lohne*: Analysen viser låg samfunnsøkonomisk nytte. Likevel er NV tildelt ansvar for å gjera tiltak, men utan ekstra midler. NV må difor sjå på andre tiltak enn tunnel for å oppnå betre regularitet.

- *Krag*: Vikafjellet hastar det å gjera noko med. Riksvegen Voss – Vik er svært viktig for Voss.

Pga utbygging av Lærdalstunnelen ser Voss og Vik særleg problema med auka trafikk på rv 13.

- *Karlsen*: NV støttar seg til vegvesenet sine vurderingar for stengingsperioden for Lærdalstunnelen med avbøtande tiltak som nattferje.

- *Rogne*: Føreset at NV og SVV samarbeider saumlaust.

- *Finden*: For riksvegen opp til Myrkdalen føreligg rekkefølgekrav for gang/sykkelveg. Brua må og gjerast noko med, elles må ho stengast.

Det er muleg å t.d. byggja gang/sykkelveg først og så nytta denne medan riksvegen er under bygging,

Snøbrøyting og fresing i rasfarlege område: Framtida ligg i autonome maskinar og dronebruk, slike løysingar vil koma.

- *Haaland*: Myrkdalen Fjellandsby har vekse og fått stor internasjonal trafikk, og meir er planlagt for drift heile året. Kontakten mot nord over Vikafjellet og til Sognefjorden er svært viktig for Norway's Best.

Det må bli ei løysing på rekkefølge-kravet om gang/sykkelveg i samarbeid med kommune og vegstyresmakter.

- *Krag*: Oppsplittinga mellom Statens vegvesen og Nye veier er uheldig, riksveg 13 i skvis. Elles overraska over høg ÅDT for Hardangerbrua og auken for rv 13 her.

- *Finden*: Deira prosjekt blei sett på vent då det blei bestemt politisk å overføra utbygging av nordre del av rv 13 til Nye Veier frå 2022. Igongsette prosjekt er og skal fullførast av SVV: Etterslepet aukar.

- *Lohne*: NV deler frustrasjonen, og meir samarbeide må til.

Møte 7: VIK – BLIX HOTELL 23.10. KL 10.50 – 12.20

Frå arrangøren:

Styret: Marta Sofie Vange (styreleiar, Vik), Anita Husøy Riskedal (nestleiar, Hjelmeland), Kristoffer Amdal (Rogaland fk/Strand). Varamedlem: Vibeke Johnsen, Roy Egil Stadheim (Vik), Samson Hamre (Voss).

Administrasjonen: Konsulent Trude Rinaldo og seniorkonsulent Hanne Sundbø (ref.).

Nye Veier AS v/Håkon Lohne og Kristian Losnegard Karlsen .

Statens vegvesen v/Svenn Finden, avdelingsdirektør Drift og Vedlikehold, Signe Eikenes, Divisjon Transport og Samfunn.

Andre: Nasjonal Rassikringsgruppe – Rogalands-repr: Harald H. Løland (vara).

Medlemmer i Fjordvegen Riksveg 13:

Gunhild Bøyum, varaordfører Sogndal kommune

Siri Fahlvik Pettersen, kommunedirektør, Vik kommune

Jorunn Åsfrid Røyrvik, dagleg leiar Blix Hotell

VikØrsta AS v/Gro Mykkeltvedt, fabrikkssjef og Bjarne Larsen, innkjøpar

Vik Næringsssamskipnad v/Harald Even Fosse, Mari Målsnes, Lars Refsdal

1. Styreleiar Marta S. Vange orienterte på samtlege møte (jf vedlagt presentasjon).

2a. Nye Veier As (NV) v/Håkon Lohne og Kristian Karlsen (Vedlagt presentasjon):

Fokuset til Nye Veier er skred og framkomst, også for nordlegaste del av rv 13.

Overordna strekningsanalyse for heile rv 13 er utført, også for delstrekking Sogndal – Hella.

Skal dei kunne jobba med store prosjekt som Vikafjellet må det få midlar og prosjektet må løftast opp saman med andre store prosjekt i Nye Veier.

Pr no må dei tenke alternative tiltak til tunnel for Vikafjellet.

For strekking Hella - Sogndal har dei utført ein simulering i høve trafikk. Det er også utført simuleringar for ein situasjon med stengt Lærdalstunnel.

2b. Statens vegvesen v/Svenn Finden (vedlagt presentasjon):

SVV har drift og vedlikehald for nordre del av rv 13 fram til september 2027 samt ansvar for ferdigstilling av igongsette prosjekt. SVV har og historikken på drifta av strekninga.

Vegvesenet sin erfaring er at drift av Vikafjellet pr idag handlar om sikkerheit til dei som skal jobba der. Vegen ligg delvis i dalar og søkk i fjellet, snøen bles inn i vegen. Små tiltak er gjort og kan gjerast, men vertilhøva vinterstid medfører raskt stengt veg uansett på eit langt utsett strekk. Det er ikkje utstyret det står på.

Fleire bruer må utbetrast/skiftast ut.

Holesvingane opp frå Vossesida er sterk flaskehals, vogntog køyrer seg ofte fast eller får ikkje fart til å fortsetja opp bakken.

Vegen frå Vikafjellet ned til Vik er bratt. Døme på fare og løysing: Det vil på rv.7 Hardangervidda bli innført ubemanna varsling til sjåførane når bremsar går varme, dekk kan eksplodera når vogntog stansar. For vegen ned frå Hardangervidda, skjer varmgang dagleg, varsling blir innført.

Autonome ferjer, dvs utan mannskap vil koma i framtida og gjera fjordkryssingar mykje meir fleksibelt. Prosess med å endra lovverket for drift av slike ferjer er i gang.

3. Spørsmål/kommentarar frå medlemmer samt svar:

- *Fosse*: Svært dårleg vegstandard Kvasdalen – Vikafjellet, øydelegg køyretøy.

Betring fjerner ikkje kolonnekøyring og stengingar, men betrer tilhøva og aukar også bruken av yrkestrafikk.

Aukande sommartrafikk også.

- *Finden*: Stor del av riksvegen nord for Myrkdalen er bygd på dårleg fundament som medfører svært ujamn veg det meste av året. Eit stort prosjekt å byggja nytt.

- *V. Johnsen*: Situasjonen under stenginga av Lærdalstunnelen blir ein unntaksperiode. Er konsekvensane for rv 13 rekna på?

- *Finden*: Nattferje blir det. Grunnlaget for valde entreprenør seier og at om både Vikafjellet og Hardangervidda er stengt, skal Lærdalstunnelen haldast open.

- *Bøyum*: Spørsmål om planar for tunnelar. Det er elles ikkje stor forskjell mellom ÅDT for Filefjell i høve Vikafjellet, og trafikken over Vikafjellet auker sommarstid.

- *V. Johnsen*: Ros for dei utbetringar av rv 13 som er gjort langs Sognefjorden til no.

- *Lohne*: Svært nyttig for NV å vera med på desse møta og få direkte kontakt med vegbrukarane.